

Sakliste

Sak MKR 17/98

**REFERATSAKER**

- a. Referat fra møte i SMM 26.1.98
- b. Referat fra møte i NKR 28.1.98
- c. Protokoll fra møte i NØM 30.10.97
- d. Protokoll sak 4, NØM 19.-20.3.98
- e. Protokoll fra møte i KISP 23.-24.4.98
- f. KVI - protokoll
- g. Protokoll fra møte i TN 17.-18.4.98
- h. Rapport fra konsulenter med Islamsk Kiel



REFERAT fra møte i  
SAMARBEIDSråD FOR MENIGHET OG MISJON  
26.januar 1998

---

Møtet ble holdt i Kirkerådet.

Til stede:

- Den Nordiske Kristne Buddhistmisjon:  
Ernst Harbakk  
Jon Andreas Hasle
- Den Norske Israelsmisjon:  
Rolf Gunnar Heitmann  
Ann-Cathrine Kvistad
- Den norske Santalmisjon:  
Tore Seierstad
- Den Norske Tibetmisjon:  
Einar Kippenes
- Det Norske Misjonsselskap:  
Tor B. Jørgensen (til lunsj)
- Kirkemøtet:  
Erling Pettersen  
Stig Utnem (deler av møtet)
- Prosjektleder SMM:  
Tore Laugerud

Forfall: Odd Bondevik.

Møtet ble åpnet med bønn i kapellet ledet av Ernst Harbakk.  
Det utsendte forslag til dagsorden ble godkjent.

SAK SMM 1/98: REFERATSAKER OG INFORMASJONER

a) Protokollen fra SMM-møtet 21.11.97 ble godkjent.

b) Nytt fra NØM/MKR.

Stig Ut nem orienterte. Ørnulf Steen er ansatt i stillingen som konsulent for misjon og økumenikk, tiltredelse 15.08.98. Cecilie Jørgensen Strømmen fortsetter som vikar i 70% stilling. I anledning KV's 50års jubileum arrangerer MKR 20-21 mars 1998 et åpent seminar om *Kirkens enhet. Gårdagens visjon - morgendagens nødvendighet?* Gen.sekr. Tor B. Jørgensen er blant foredragsholderne: "Edinburh 1910-Salvador Bahia 1996 - kontinuitet og endring i kirkenes misjonsforståelse". En gruppe på fire personer er utpekt av MKR til dialogen med Det Mosaiske Trossamfunn.

c) Nytt fra Kirkerådet.

Erling Pettersen orienterte. Som et ledd i sin målsetting om å være en misjonerende kirke ønsker de sentralkirkelige råd å styrke arbeidet med nyreligiøsitet. Stat-kirke kommisjonen vil bli oppnevnt på KR's februarmøte. Den får et vidt mandat til å arbeide med ulike aspekter ved hva det vil si å være folkekirke i et samfunn i endring. Den nye *Håndbok for menighetsråd og kirkelige fellesråd* ble utdelt.

d) Nytt om 2000-års jubileet.

Erling Pettersen orienterte. Komiteen legger vekt på å arbeide nedenfra gjennom organisasjonene og bispedømmene. Oppdatert informasjonsmateriale ble utdelt.

e) KIFO-prosjekt om misjon i menighetene.

Tore Laugerud orienterte. Prosjektet er godkjent av styrene i KIFO og Egede Instituttet, og startet opp 01.01.98. Notat om valg av regioner var sendt ut på forhånd til orientering.

f) Misjon og menighetsplanting.

Notat fra misjonskons. Lino Lubiana var sendt ut på forhånd.

g) Misjon i forkynnelsen.

Et foreløpig notat m/litteraturliste fra Tore Laugerud var sendt ut på forhånd. Foranledningen er en henvendelse fra SMM i Bjørgvin. Saken drøftes videre i møtet m/misjonskons. 11.05.98.

SAK SMM 2/98: OPPDATERT EVALUERINGSRAPPORT SMM

En foreløpig evaluatingsrapport ble utarbeidet av prosjektleder og sendt partene som utgangspunkt for deres evaluering i januar 1997. En språklig justert og tidsmessig oppdatert utgave av denne ble i henhold til tidligere vedtak lagt fram til SMM's behandling og godkjenning.

**Vedtak:**

1. SMM tar den framlagte rapport til etterretning som uttrykk for SMM's evaluering av treårsperioden 1994-97.
2. Punkt 2.5.2 skiftes ut når tallmateriale for 1997 foreligger fra den enkelte organisasjon.

**SAK SMM 3/98: INFORMASJONSTILTAK**

- a) Pål Storrusten orienterte. Kirkens Informasjonstjeneste ønsker å gjøre Kirkeaktuelt mer mottakerorientert. Bladet vil formidle utfordringer og inspirasjon. Et notat med utkast til misjonsstoff var sendt ut på forhånd. Det arbeides med å formidle stoff til menighetsbladene via Internett.
- b) Estrid Hessellund orienterte. KUI ønsker å avvikle U-landsavisa. Det arbeides med alternative modeller. En aktuell modell er å gå over til 8-siders trykksaker som distribueres med organisasjonsbladene - f.eks. en trykksak til advents-, åpenbarings- og fastetiden i samarbeid med SMM og KN, og en trykksak til menneskerettighets- og u-landssøndagen med andre aktuelle samarbeidspartnere. Utredningsarbeidet pågår.

**Vedtak:**

- a) SMM stiller seg positive til det skisserte forslag til misjonsstoff i Kirkeaktuelt, og ber prosjektleder følge opp i samarbeid med KIT.
- b) SMM ber om å få saken tilbake gjennom AU når den er ferdig utredet.

**SAK SMM 4/98: GJENNOMFØRING AV STRATEGIPLANEN**

SMM behandlet saken på grunnlag av en tidsplan for de enkelte tiltak utarbeidet av AU. SMM ser det som viktig at både Kirkerådet og alle organisasjonene blir med på de planlagte møter med utdanningsinstitusjonene og yrkesorganisasjonene (delmål 1.2 og 1.3). Om mulig bør også bisperådet representant delta. Fra de teologiske fakulteter ønsker en å møte representanter både fra teoretikum og praktikum, samt fra studentene. Ernst Harbakk opplyste at DNKB ønsker å bidra til stipendier for prestene.

**Vedtak:**

1. SMM ber AU arbeide videre med å presisere initiativ og tenke strategi rundt de planlagte møter med utdanningsinstitusjonene og yrkesorganisasjonene.
2. Prosjektleder bes henvende seg til Menighetsfakultetet, Misjonshøgskolen og Teologisk Fakultet med sikte på å avtale

møter i løpet av våren.

3. SMM nedsetter en arbeidsgruppe bestående av Jon Andreas Hasle, Torbjørn Lied og Tore Laugerud til å vurdere gjennomføringen av punkt 1.3 samt å se på sammenhengen med punkt 3.5.

#### SAK SMM 5/98 SAMLING FOR/MED MISJONSKONSULENTENE

SMM tar sikte på følgende program for samlingen for/med misjonskonsulentene/de regionale SMM i mai 98:

Mandag 11.05: Fellesdag med SMM:

10-14 Deltagelse på ordinært møte i SMM

14 Varmrett

15-18 Rapportering fra misjonskonsulentene/regionale SMM

Tirsdag 12.05:Dag for konsulentene:

09-12 Samling med prosjektleder

12-1330 Lunsj og møte med DNKB

1330-15 Møte med DNT

#### SAK SMM 6/98: MISJONSKONSULENTSTILLINGER

SMM Nidaros har tilsatt Atle Ølstørn som ny misjonskonsulent.

SMM Agder arbeider for å opprette en 50 % stilling for misjonskonsulent i kombinasjon m/ vikarprestjeneste. En søker Opplysningsvesenets fond om midler i 1999. NMS, DnS og DNI har sagt ja til å delta og har klarert finansieringen. DNKB og DNT har ikke behandlet saken, men venter på henvendelse fra Agder.

#### SAK SMM 7/98 INTERNASJONAL KONSULENT I HAMAR BISPEDØMME

SMM behandlet saken på grunnlag av et forslag til brev til Hamar BD, framlagt av AU (jmf. Sak SMM 20/97, b).

Vedtak: SMM ber prosjektleder innarbeide de synspunkter som framkom på møtet og oversende brevet til Hamar BD.

#### SAK SMM 8/98 REGNSKAPSRAPPORT 1997

Vedtak:

1. SMM tar til orientering den framlagte regnskapsrapport med totale utgifter på kr. 302.865 for 1997.
2. Prosjektleder ber Kirkerådet oversende regning til organisasjonene for deres andel av utgiftene, kr. 32.800 hver.

Tore Laugerud  
-ref.

Søk MKE 17/98 b.

# NORGES KRISTNE RÅD

## CHRISTIAN COUNCIL OF NORWAY



Referat fra  
**STYREMØTE** i Norges kristne råd

**28.januar 1998 kl.10-15** på Kirkens hus.

Møtet begynte med andakt i kapellet v/ Stig Ut nem.

Tilstede: Billy Taranger, A. Bruno Jakobsen; Odd Hjertås (varmedlem), Egil Torp (varamedlem), Stig Ut nem, Georg Müller, Torbjørn Ribe (varamedlem), Gerd Karin Røsæg. Ingrid Vad Nilsen og Lars-Erik Nordby (administrasjonen).

Møte med representanter for Den rumensk ortodokse menighet ble utsatt.

**Referater:**

- 1/1.98** "Religionsfrihet på norsk"-konferansen.  
Gunnar Stålsett holdt hovedinnledning i tillegg var det innlegg om kristendomsfaget i grunnskolen, kirkelig medlemsregister og prestetjenesten ved institusjoner. God oppslutning av representanter for Den norske kirke, Norges Frikirkeråd og Norges kristne råd.  
**Vedtak:** Til orientering.
- 1.2/98** Diakonikonsultasjonen 14.01.98.  
Hovedinnlegg ved Kjell Nordstokke. God oppslutning fra kirke og diakoniledere. Ønske om årlig samling. Se rapport.  
**Vedtak:** Til orientering.
- 1.3/98** Referat fra møte med NFR/AU.  
Se utsendt referat.  
**Vedtak:** Til orientering.
- 1.4/98** Jubileum 2000.  
Se punkt 2.3/98.
- 1.5/98** Ekteskapsundersøkelse og ekteskapskurs ved Sjelesorgsinstituttet på Modum Bad.  
Norges kristne råd blir invitert til å være med i styringsgruppe for et nytt kurs for å forbedre kommunikasjon i ekteskap. Se rapport.  
**Vedtak:** Til orientering.
- 1.6/98** Møte med De Frie Evangeliske Forsamlinger.  
Leder orienterte om samtalen om medlemskap med misjonsstyret i DFEF.  
**Vedtak:** Til orientering.

stilling i sekretariatet.

Viktig med kontinuerlig evaluering av prosjektene.

- Kirkeråd til kirkeråd samarbeid bør prioriteres.
- NKR kan dekke mye på det religionspolitiske og kirkepolitiske felt. En del av det praktiske må kunne legges tilbake til "oppdragsgiverne".

**Vedtak:** Administrasjonen arbeider videre med organiseringen av vårt internasjonale engasjement spesielt i forhold til KN og Misjonsrådet.

Arbeidet evalueres fortløpende.

Det forberedes en diskusjon om rådets selvforståelse.

**3.3/98**

Kontingentsatser for observatører.

Sakspapirer utsendt på forhånd.

**Vedtak:** Styret foreslår overfor Rådsmøtet at kontigentsatser for observatører settes til: Observatørstatus kr. 1000,- pluss kr. 1,- pr medlem. (Øvre grense kr. 15000,-)

**3.4/98**

Oppnevning til lokalökumenisk utvalg (NØKLØ).

(utsatt fra forrige møte 3.47/97)

**Vedtak:** NKR oppnevner 8 representanter (derav en åpen plass) til et felles lokalökumenisk utvalg med Mellomkirkelig råd. I utvalget ønskes folk med særlige forutsetninger for lokalökumenikk.

**3.5/98**

Forslag til metodisk opplegg, KRL-faget.

Sakspapirer utsendt på forhånd.

Gen. sekr. orienterte.

Etikkdelen utformes helt allment - viktig at denne får en kristen forankring.  
Hva med å sette bort deler av oppgaven til lokale grupper?

**Vedtak:** Per Øvergaard, Gerd Karin Røsæg, Birger Løvli og Kari Lorentzen (sammen med gen. sekr.) spørres om å være prosjektgruppe for det videre arbeid som i tillegg kan knytte til seg andre fagfolk og programutviklere. Arbeidet gjennomføres i 1998 for utsending primo 1999.

**3.6/98**

Oppnevning til NEKSA.

Billy Taranger går ut av styret i NEKSA.

**Vedtak:** Styret oppnevner Sveinung Vaagen til nytt medlem for Baptistsamfunnet i NEKSA.

**3.7/98**

Høring ang. Feltprestkorpsset.

NFR og NKR har hatt en felles konsultasjon hvor alle medlemssamfunn var invitert. På bakgrunn av denne ble et felles forslag til høringsuttalelse formulert.

Komplisert at Norges Kristne Råd og Frikirkerådet avgir felles uttalelse om en sak som denne hvor Dnk så klar er part i saken og hvor mange institusjoner i Dnk leverer høringsuttalelser. Den katolske kirke ønsker å vektlegge at Feltprestkorpsset fortsatt bør være Dnk i Forsvaret.

**1.7/98** Aktuell rapport om arbeidet siden siste styremøte.  
Det ble orientert om oppfølging av saker fra siste styremøte.  
**Vedtak:** Til orientering.

**1.8/98.** Menneskerettighetsåret.  
6. desember blir det en hovedmarkering.  
Stig Utne redegjorde.  
**Vedtak:** Til orientering.

**Rapporter:**

**2.1/98** Rapport fra besøk i Sudan.  
Gen. sekr. orienterte. Rapport sendes ut.  
**Vedtak:** Til orientering.

**2.2/98** Rapport fra Norden/FOCCESA-ledelsesseminar i Mosambik.  
Leder og gen. sekr. orienterte.  
**Vedtak:** Til orientering.

**2.3/98.** Jubileum år 2000.  
Prosjektleder Svein Helge Rødahl rapporterte fra forberedelsene.  
Planer om felleskirkelig hyrdebrev. Økumeniske bønner julen 99 - lokalt.  
Bønner til lystenning nyttårsaften 99. Viktig at kirkene blir representert i de lokale komiteene for jubileet og tusenårsstedene. Jubilee 2000 (SLUG) arbeider for gjeldsslette.  
Hellig tre kongers dag markeres spesielt. Regionale storsamlinger 1. Pinsedag.  
Felleskirkelig katekisme til studiearbeit på høsten? Det arbeides fortsatt med logoen.  
**Vedtak:** Til orientering.

**Saker:**

**3.1/98** Revidert budsjett 1998.  
Sakspapirer utsendt på forhånd. Foreløpig regnskap for 1997 ble utdelt. Dette ser ut til å gå i balanse. P.g.a. mindre tilskudd fra Kirkedepartementet enn håpet er budsjettet for 1998 satt opp med - 94.000.  
- Det er søkt om tilleggsbevilgning i revidert Statsbudsjett.  
- Vårt internasjonale engasjement tas opp med Kirkens Nødhjelp.  
- Mulighet for at gen.sekr og konsulent kan ta noen vikaroppdrag i sine kirker.  
- Jubileum 2000 - administrasjonstilskudd?  
**Vedtak:** Budsjettet behandles videre på neste møte. Det tas initiativ overfor KN.


**3.2/98** Internasjonale saker i NKR  
Sakspapirer utsendt på forhånd.  
Dette arbeidet har vokst og mange kaller på oss. Kan få stor vekt i rådets arbeid.  
I dag utgjør det internasjonale arbeidet ca en 50 % stilling av i alt 1 3/4

**Vedtak: Høringsuttalelsen oversendes Feltprestkorpset.**  
Den norske kirke og den katolske kirke sender egne uttalelser og avholdt seg fra å stemme. De øvrige medlemssamfunn sender egne kommentarer i tillegg til fellesuttalelsen.

- 3.8/98      **Opprettelse av Forum for bilaterale samtaler.**  
Sakspapirer utsendt på forhånd.  
**Vedtak: NKR undersøker interessen for opprettelse "Forum for bilaterale samtalepartnere."**
- 3.9/98      **Drøfting av Norsk sosialetisk forums fortsatte arbeid.**  
Sakspapirer utsendt på forhånd.  
**Vedtak: Administrasjon arbeider videre med saken.**

Lars-Erik Nordby  
Sekretær.

Sak MKR 17/98 C.



MELLOMKYRKJELEG RÅD  
Den norske kyrkja  
Nemnd for økumenisk samarbeid og misjon

PROTOKOLL FRÅ MØTE I NEMND FOR ØKUMENISK  
SAMARBEID OG MISJON 30.OKTOBER 1997 I KYRKJAS HUS,  
UNDERHAUGSVEGEN 15, OSLO

Tilstades: Kjell Nordstokke(leiар), Ole Elias Holck(t.o.m. sak 7/97), Thor Halvor Hovland, Ørnulf Steen ( f.o.m. sak 4/97 t.o.m. sak 10/97, ikkje 6/97), Gerd Karin Røsæg (f.o.m. sak 5/97 - ikkje 6/97), Gunvor Lande.

Frå sekretariatet: Fyrstekonsulent Cecilie Jørgensen Strømmen, Generalsekretær Stig Utne ( sak 5/97), Sivilarbeidar NØM og skrivar Bård Eirik Hallesby Norheim.

Observatør: Prosjektleiar for Samarbeid Menighet og Misjon(SMM) Tore Laugerud.

Forfall: Biskop Ole D.Hagesæther, biskop Even Fougnar, Alf Isak Keskitalo, Astrid Hareide, Notto Thelle.

Ikkje tilstades: Kari Veiteberg, Vidar Leif Haanes, Jon Anders Brevik.

Leiar Kjell Nordstokke, som leia sitt første NØM-møte, opna møtet med ein kort andakt knytta til sundagens tekst, Sæleprisningane i Matteus 5.

NØM 1/97 GODKJENNING AV INNKALLING OG DAGSORDEN

P.g.a. at for få av nemnd-medlemene kunne møta til det opphavelege møtet 08.-09.oktober vart altså NØM-møtet utsett til 30.oktober. Det vart delt ut ein ny dagsorden på møtet 30.oktober. Det var denne som vart godkjent av møtet.

Vedtak: Innkallinga og saklista vart godkjende.

NØM 2/97 NØM-PROTOKOLLAR

- NØM-møte 18-19.november 1996
- NØM/AU-møte 08.04.1997
- NØM/AU-møte 26.05.1997

Vedtak: Protokollane vart godkjende.

SAK 3/97 ANDRE PROTOKOLLAR

- MKR-møte 06.02-07.02.1997.
- MKR/AU-møte 21.03.1997.
- KISP-møte 17.04-18.04.1997.
- MKR-møte 05.05-06.05.1997.
- KISP/AU 15.09.1997.
- MKR/AU 08.10.1997.

Vedtak: Protokollane vart tekne til etterretning. Protokollane frå MKR/AU-møte 09.06.1997 og frå MKR-møte 08.09-09.09.1997 vert tekne på neste NØM-møte.

## SAK NØM 4/97 STATUS PRESENS I NØM

Det vart opna for ein debatt kring visjonar og tankar om NØM-arbeidet, der kvar av nemndmedlemane fekk koma med innspel. Forrige NØM-møte fann stad nesten eitt år tilbake(18.11.-19.11.1996). Den manglande kontinuiteten på NØM-feltet - m.a. grunna vakanse og utskiftingar i staben -gav grunn til djuptgåande ettertanke: Kvifor har vi ein "Nemnd for økumenisk samarbeid og misjon" ?

Eit lite tilbakeblikk på arbeidet med NØM (tidlegare KØSU) gav medlemane hove til å peika på prosessar/erfaringar dei såg på som særskilt verdifulle. Innanfor denne perioden(1995-1998) vart særleg arbeidet med "Evangeliet på norsk" fram mot bokutgjevinga "Gud er løs" framheva som ein banebrytande og framifrå prosess også i verdsrålestokk. Prosessen har aktivert mykje "økumenisk energi". Elles var det peika å at stiftinga av Noregs Kristne Råd (NKR) på særleg vis har aktualisert ei gjennomtening av NØM si rolle i det norske kyrkjelandskapet.

Mange av medlemane framheva også kor naudsynt det er at arbeidet i NØM samarbeidar med og gjev impulsar til lokalkyrkjelydane. Dette er ei stendig utfordring for nemnda, og fleire av medlemane hevda at det er eit godt stykke att før NØM har funne sin form og plass i hove til denne utfordringa. NØM-arbeidet slitast mellom å svara på det kyrkjelydane treng av økumenisk oppfølgjing og vegleiing; og samtidig skulle tena som eit økumenisk organ innan den sentralkyrkjeloge strukturen. Denne spaninga mellom å vera eit aktivitetsorgan for lokaløkumenisk arbeid og samtidig vera det sentralkyrkjeloge økumeniske organet har vore der frå den fyrste KØSU(Komite for økumenisk samarbeid og utveksling)-tida. Uansett gjer dette at sekretariatet er sterkt pressa mellom tildels særslig ulike arbeidsoppgåver.

Det vart difor fremja ynskje om ei strammare prioritering av arbeidsoppgåver. Frå fleire hald var det hevda at ein i tida framover særleg må konsentrera seg om dialogen med SMM(Samarbeid Menighet og Misjon)-partane. I denne dialogen har NØM ei viktig rolle å spela i hove til å vekkja til økumenisk gjennomtenkning i samband med utviklinga av lokalkyrkjelydane sitt misjonsengasjement, slik at kyrkjelydane kan arbeida fram eit eige misjonsansvar. Både i dette arbeidet og på andre felt(t.d. Aust-Europa) skal NØM særleg representera ei fagleg, økumenisk kvalitetsikring.

Leiar avslutta debatten med særleg å framheva utfordringar for NØM-arbeidet :

- NØM skal forvalta ein økumenisk edrueleg haldning i dei sentralkyrkjeloge og internasjonale

økumeniske samanhengane.

- NØM skal oppretthalda ein “økumenisk uro” både i høve til den lokalkyrkjelege agenda og kyrkja sentralt.
- NØM har eit særskilt ansvar for å fremja dialogen mellom misjon og diakoni utifra eit økumenisk perspektiv. Dette er avgjerande for å fremja den teologisk/økumeniske-dialogen i dag.

Vedtak: NØM ved NØM/AU(Kjell Nordstokke, Gunvor Lande og Notto Thelle) og sekretariatet følger opp sakar på bakgrunn av debatten. Det vart vedteke å leggja neste NØM-møte i samband med markeringa av KVs 50års jubileum helga 20.03-22.03.1998(jf. sak NØM 6/97). NØM-møte finn såleis stad 19.03.1998 kl.16.00-20.00 og 20.03.1998 kl.09.00-16.00 på Kyrkjas hus. Dialogen med SMM-partane finn stad på dette møtet, fredag 20.03.1998.

## SAK NØM 5/97 KVs GENERALFORSAMLING I HARARE

Innleiing v/ generalsekretær i MKR, Stig Utne: Generalforsamlinga er utsett frå september 1998 til desember 1998 p.g.a. lokale, praktiske problem(disponering av universitetsarealet til generalforsamlinga). Generalsekretæren framheva særleg to perspektiv i sin orientering:

1) Det er andre gong at KVs generalforsamling vert arrangert i Afrika, og denne gongen skjer det i ei skjebnetid for Afrika. Eit hovudtema for generalforsamlinga vil difor vera Afrikas gjeld. I tillegg vil temaet for det økumeniske tiåret, ”Kyrkjer i solidaritet med kvinner”, prega forsamlinga.

2) Generalforsamlinga kjem også i kjølvatnet av ein brei prosess, der ein har revurdert KVs sjølvforståing. I samband med dette har ein utgjeve eit ”policy-dokument”: ”Turn to God - Rejoice in Hope!”. Det var generalsekretæren si vurdering at ein i denne prosessen har samla seg om ein økumenisk visjon som i stor grad stadfestar den gamle basisen for verdsrådet: Nemleg som eit felleskap av kyrkjer (og ikkje organisasjonar).

Parallelt med denne prosessen har ein også arbeida med å omorganisera sekretariatet i Kyrkjene sitt verdsråd. Målet har vore ei forenkling av administrasjonen, delvis motivert av økonomiske innstrammingar. Relasjonstenkninga mellom arbeidseiningane ( no to ???) vil verta oppjustert. Det (nye) visjonskapitlet skal utforma liturgisk stoff til 50 års-feiringa i Harare. Temaet er ”Recommitment to the ecumenical movement”. Generalsekretæren ynskte å utfordra nemnda til å vera med å tenkja på korleis ein kan bruka dette materialet i Noreg.

Det vart diskutert i nemnda korleis ein kunne markera feiringa i Noreg i det komande året. Det vert ei jubileumsfeiring i Amsterdam i september direkte knyttta opp mot stiftinga i 1948. Generalsekretæren tenker seg elles eit jubileumsseminar 20-22.mars 1998 i Oslo. Elles er NØM tiltenkt ei fagleg og koordinerande rolle i arbeidet med jubileumsfeiringa i Noreg.

I debatten vart det også tatt til orde for at NØM må vera med å forma den teologiske tenkninga kring jubileumsfeiringa.

Vedtak: Generalsekretæren sin presentasjon vart teken til orientering.

## SAK NØM 6/97 TILHØVET TIL NOREGS KRISTNE RÅD

Saksordfører: Ole Elias Holck

Saka er ei oppfølgjing av MKR sitt vedtak i SAK 40/97 DEN NORSKE KIRKE OG NORGES KRISTNE RÅD(NKR), der det i vedtaket,punkt 4, heiter: "MKR er åpne for at at NKR definerer er mandat for arbeid med lokaløkumeniske spørsmål som gjennomføres i samarbeid med NØM". Saksordfører uttrykte stor glede over etableringa av NKR. Det har vore ein del av ei naturleg økumenisk utvikling. Som ein del av denne utviklinga har det vore riktig å gje ansvaret for ein del av den økumeniske aktiviteteten/representasjonen som tidlegare har vore under MKR til NKR(t.d. ansvaret for NØR, FOCCESA, NEKSA).

Etableringa har på særleg vis utfordra oss som majoritetskyrkje og korleis vi tenkjer om lokaløkumenisk arbeid. I ordskiftet som fulgte vart særleg desse sidane ved NKR-opprettigna og samarbeid med NKR framheva:

- Det er grunn til å tru at opprettigna av NKR kan styrkja DnK si evne til å læra av samkvemet med andre kyrkjesamfunn i Noreg. Det er ei von at NKR kan vera ein naudsynt "spegel" for DnK i det økumeniske arbeidet. Difor ser ein fram til betre vekstvilkår for det økumeniske arbeidet i Noreg.
- Ein viktig debatt i tida framover vert organiseringa og tilretteleggjingga av det økumeniske engasjementet i DnK etter opprettigna av NKR. Særleg vert det viktig å sjå på korleis ein organiserer det lokaløkumeniske arbeidet både i kyrkjelydane i DnK og gjennom NKR. Nemnda understreka sterkt kor viktig det er med økumeniske strukturar, både lokalt og sentralt, som tek vare på og støttar det lokaløkumenisk arbeidet. Gjennomtenkninga av denne organiseringa er ein særskilt prosess som DnK og NKR saman må føra fram til ei konkretisering. Her har NØM ei viktig rolle å spela og eit viktig perspektiv å halda fram.

Som ei oppfølgjing av MKR sitt vedtak i SAK 40/97 vedtok difor nemnda følgjande:

Vedtak: NØM tek vedtaket i MKR til etterretning og ynskjer NKR velkomen med økumenisk representasjon i nemnda, som observatør, slik at prosessen kan konkretiserast.

## SAK NØM 7/97 SMM-DIALOGEN

Ordkiftet opna med eit tilbakeblikk på bakgrunnen for SMM-organiseringa. Kontakten mellom NØM og SMM kom i stand etter ein uformell samtale mellom den forrige NØM-konsulenten Margunn Sandal og NMS sin generalsekretær Tor Berger Jørgensen, der begge partar uttrykte at ein samtale mellom NØM og SMM kunne vera nyttig for begge partar. Det planlagte møtet 09.10.1997, der NØM hadde invitert SMM-partane til dialog, vart avlyst grunna sviktande oppmøte. Nemnda fann det difor særskilt viktig å få til eit møte i samband med neste NØM-møte i mars.

I den vidare SMM-dialogen fann fleire av medlemmane i nemnda det viktig å sjå på dei ulike erfaringane frå ulike bispedømme. I denne prosessen med å finna korleis ulike misjonsorganisasjonar skal samarbeida med lokalkyrkjelydane i ein folkekirkjekontekst, representerer NØM(-perspektivet) ei umistleg side ved det sentralkirkjekontekstet i prosessen. Det var difor semje i nemnda om at SMM-dialogen bør vera eit hovudtema i det

vidare arbeidet i NØM. NØM ynskjer å leggja tidlegare rapportar om prosessen til grunn for den vidare dialogen.

Vedtak: Cecilie.....

## SAK NØM 8/97 DIALOG MED MUSLIMSK OG MOSAISK TRUSSAMFUNN

Nemndmedlemane fekk utdelt "Religion, livssyn og menneskerettigheter", rapport frå eit samtaleforum i regi av Nansenskolen 1996/97. Denne rapporten var delt ut som bakgrunnsstoff til konferansen om religion og menneskerettar som skal vera i Oslo neste år.

Dei to protokollane: - Kontaktgruppa for Mellomkirkelig råd og Islamsk råd 25.08.97.

- Dialog: Den norske kirke og det mosaiske trossamfunn 21.08.97.

vart bruka som grunnlagssmateriale for saksgjennomgangen. I den følgjande diskusjonen var nemnda særleg oppteken av å sjå på bruken av omgrepene "dialog" og "kontaktforum". Særleg vart bruken av "dialog" problematisert, og det vart uttrykt ynskje i nemnda om ein meir snever/innskjerpa definisjon som grunnlag for bruken av "dialog" i ulike tverreligiøse og økumeniske samtaleprosessar.

Nemnda ynskja også å sjå forarbeidet for dei to samtalegruppene. I den samanheng vil det vera naturleg å be DnKs representantar i dei ulike gruppene å koma på neste NØM-møte for å orientera om deira arbeid.

Vedtak: Saka vil koma opp i større breidde på neste NØM-møte. NØM/AU førebur saka i samråd med DnKs representantar i dei ulike samtalegruppene.

## SAK NØM 9/97 AUST-EUROPA

Saka opna med ei kort orientering om arbeidet på feltet ved NØM-konsulenten. P.g.a. vakanse og konsulent no i 50% har oppfølgjinga av midlane frå UD og KN (tilsaman NOK 700.000 for 1997) som MKR forvaltar vorte skadelidande. Særleg har KN gjeve tilbakemelding om at dei forventar ei tettare oppfølgjing og eit nærrare samarbeid. NØM-konsulenten peika på at framleis manglar det ein del på at ein har tilfredsstillande prosedyrar og informasjonsstrukturar i samband med forvaltinga av midlane. For eit allereie overbelasta sekretariat er ei vidare utvikling her eit kapasitsproblem. Men det er samstundes naudsynt å tenkja gjennom korleis MKR i større grad kan prega tildelinga og "profilen" på Aust-Europa-satsinga.

Konsulenten framheva også spenninga mellom forvarleg oppfølgjing av alle dei "små" lokaløkumeniske prosjekta og stønad til større prosjekt formidla gjennom LWF/KEK. Det vart også drøfta om det ville vera mogeleg å knyta meir av midlane opp til bispedømma (jf. erfaringane frå Mellomkyrkjeleg Utval i Borg).

NØM-konsulenten orienterte også om arbeidet med Kyrkjeleg Aust-Europa-Forum, som no er i gong igjen. 28.10.1997 møtte representantar frå fleire av dei ulike kyrkjelege aktørane i Aust-Europa til forummøte i Uranienborg Menighetshus med tema "proselyttisme". Forskar Ove Gustafsson ved Svenska Missionsrådet føreleste og innleia til debatt. Forumet si framtid vart også diskutert. Det vart uttrykt stor interesse mellom aktørane for eit slikt fagleg forum der MKR v/NØM står som arrangør.

I samtalens som fulgte uttrykte nemnda ynskje om å aksentuera det lokaløkumeniske perspektivet i arbeidet med midlane. Korleis ein skal organisera dette, utan at ein bind opp for mykje saksbehandlingstid for NØM-konsulenten, må nemnda og sekretariatet og MKR sjå nærmare på. Det er uansett viktig å betra prosedyrane og ikkje minst utarbeida informasjon om midlane, slik at ein kan skapa lokaløkumenisk interesse og engasjement i lokalkyrkjelydane i DnK: Nemnda vil framheva fremjinga av nettverk, både kyrkjeleg og elles, som eit gode i seg sjølv og som eit hovudkriterium ved tildelinga av midlane.

NØM bør også vera med å styra kompetanseutviklinga på feltet. Nettopp difor er utvikikling av retningslinjer og prosedyrer (gjerne både søknadskjema og rapportskjema) og informasjonsmateriale avgjerande.

Vedtak: Nemnda tek orienteringa frå sekretariatet til etterretning og ser fram til ei vidare oppfølgjing av saka frå sekretariatet til neste møte.

## SAK NØM 10/97 RAPPORTAR

- Rapportar frå LWFs generalforsamling Hong Kong, Kina, 8-16.juli 1997 (MKR sak 44/97).
- Rapport frå Årsmøte i Nordisk økumenisk Råd (NØR), Island 30.mai - 2.juni.1997 v/Stig Utne.
- Rapport frå Stig Utne og THor Ullerø: "Visit to the Protestant Council of Churches(CPR) in Rwanda and discussions with the national council of churches in Burundi (NCCB), 27.02-03.03.1997.
- Ola Tjørhom: "Rapport frå Fatih&Orders konsultasjon om "Episkopè & episcopacy within the quest for visible unity and in the service of the apostolic mission of the church", Strasbourg 2-9.april 1997".
- Rapport frå konsultasjon om kyrkja & islam Nairobi, 13-17.januar 1997 v/Bjørn Bue.
- Rapportar frå KVs "Conference on World Mission and evangelism", Salvador, Brasil, 23.11.- 03.12.1996 v/ Tore Johsen og Anne Karin Kristensen.
- Rapport frå Norden-Foccesa review-konferanse i Mbambane, Swaziland 11-15.januar 1997.
- Rapportar frå dei økumeniske møtene i Graz sommaren 1997.
- Årsrapport frå Kirkens U-landsinformasjon 1996.

Vedtak: Rapportane vart tekne til orientering.

## SAK NØM 11/97 EVENTUELTT

- a) Oppnemning av ungdomstrepresentant til nemnda.

Ungdomsrepresentant Asle Eivind Bjorvatn har gått ut av nemnda grunna alder (over 30 år). Han vil verta takka for innsatsen. I samband med denne saka vart det også ein meir generell debatt om korleis ein rekrutterer til nemnda. Det vart peika på at ein kan bruka Ungdomsutvalet som ein "treningssstad" for unge i kyrkja med økumenisk interesse. Samtidig vart det også peika på at det ved utnemningar er viktig å byggja bru til ulike organisasjonar som er knyta til det økumeniske arbeidet - t.d. misjonsorganisasjonane.

Det vart gjort merksam på at Kyrkjemøtet 1998 oppnemner nye representantar til nemnda, deriblant ein ungdomsrepresentant.

Neste NØM/AU vert 05.12.1997 kl.12.00-15.00 på Kyrkjas hus.

Neste møte i nemnda er altså 19.03 kl. 16-20 og 20.03. kl 09-16 1998 på Kyrkjas hus.



Søn mkr 17/98 d.

I b

[Dette er kopi av NØM-protokollen, sak 4. Fullstendig protokoll blir sendt ut når den foreligger i slutten av mai.]

# PROTOKOLL

## FRÅ MØTE I NEMND FOR ØKUMENISK SAMARBEID OG MISJON FOR MELLOMKYRKJELEG RÅD FOR DEN NORSKE KYRKJA

**19. - 20.03.1998 PÅ KIRKENS HUS**

### TILSTADES:

- 1) Frå Nøm: Kjell Nordstokke (leiar), Astrid Hareide, Ørnulf Steen, Ole Elias Holck, Vidar Leif Haanes, Aina Toven Melum(Nyoppnemnd av Samisk Kirkeråd), Gunvor Lande, Kari Veiteberg, Thor Halvor Hovland (vara).
- 2) Frå Sekretariatet: Generalsekretær Stig Utne ( Sak 4/98), Fyrstekonulent NØM Cecilie Jørgensen Strømmen(Sak 4/98), Fyrstekonsulent TN Roald-Einar Ottersen( Sak 1-3/98 og Sak 5-10/98), Tore Laugerud ( frå SMM - observatør), Bård Eirik Hallesby Norheim ( Skrivar og sivilarbeidar NØM).
- 3) Frå SMM: Generalsekretær NMS Tor B. Jørgensen, Generalsekretær DNI Rolf G. Heitmann, Daglig Leder Norsk Avdeling av DNKB Jon A. Hasle, Generalsekretær DNT Einar Kippenes, Harry Vik (Gå Ut-senteret Santalmisjonen), Øystein Flø (Landsstyret DnS).

**FORFALL:** Biskop Ole D. Hagesæther, Biskop Even Fougnar, Notto Thelle, Gerd Karin Røsæg(vara), Jon Anders Brevik(vara).

Alf Isak Keskitalo har bede om å få tre ut av nemnda.

Møtet opna kl.15.45 19.03.1998 med servering av gulasjsuppe i kantina på Kirkens Hus.  
Kl.16.15 samla ein seg til andakt i kapellet leia av Gunvor Lande.

Torsdagkvelden var sett av til samtalen med SMM-partane. Desse møtte også til serveringa. Heile torsdagen vart difor nytta til handsaminga av SAK 4/98 "DIALOGEN MED SMM(Samarbeidsråd for menighet og misjon)".

### SAK 4/98 DIALOGEN MED SMM

Samtalen opna med ei kort opningshelsing ved generalsekretær Stig Utne, der han understreka at dette var ein etterlengta samtale: Det var eit viktig møte mellom to fagmiljøer

som er avgjerande for kyrkja sitt virkje. Etter denne korte innleiinga fulgte ein presentasjonsrunde.

Tore Laugerud heldt ei innleiing om bakgrunnen for at ein har prøvd å skipa til faglege samtalar mellom NØM og SMM. Laugerud peika på at det har vore ein lang veg fram til samtalane, og at det difor er med glede at ein no kan ta til. Difor er det også knytta forventningar til samtalane. Diverre kunne ikkje Torbjørn Lied, generalsekretær i Santalmisjonen(i Bangladesh), og Ernst Harbakk frå Buddhistmisjonen(til Århus på Filip Risanger sin disputas) møt, meddelte Laugerud.

Laugerud gav først ein merknad til sakspapiret til møtet, der han korrigerte og viste til at bakgrunnen for samtalane var at enkeltorganisasjonar i SMM ønskja tilbakemelding på sine strategiplanar frå dåverande NØM-konsulent Margunn Sandal. Dette førte til at 4 strategiplanar vart utsende til vurdering i nemnda og vurderinga av desse vart ei eiga sak for NØM : SAK 15/95 Misjon og økumenikk. Det var fem temaområder som var særlege framme i denne drøftinga/vurderinga: Ekklesiologi, økumenisk profil, menneskerettar/Nord-Sør-spørsmål, evangelium-kultur/kontekstualitet og partnerskap. Det vart laga fem notat av NØM-medlemmene til desse temaområda, og desse er eitt av utgangspunkta for samtalene mellom SMM og NØM. Men det er viktig å merka seg i denne diskusjonen at SMM ikkje representerer noko einskap i struktur, men 5 sjølvstendige strukturar. Men samtidig er det slik at SMM-organisasjonane vil noko saman: Det er difor laga ein felles SMM-strategiplan, påpeika Laugerud.

Laugerud gav vidare eitt lite tilbakeblikk på utviklinga innan SMM ved å sjå på motto/overskrift for satsinga/strukturen. I byrjinga vart arbeidet omtala som "kyrkjelydane sitt misjonsengasjement". I den andre bolken hadde ein overskrifta "Arbeid kyrkjelyd og misjon" og etterkvart har ein landa på den, etter eiga oppfatning, meir dynamiske og integrerande overskrifta "misjonerande kyrkjelydar". Den siste overskrifta nedtonar noko av det klassiske skiljet mellom indremisjon og ytremisjon. Det inneber også ei forventning om "misjon i retur" - at impulsar frå "misjonskyrkjene" i Sør kan vera kjelde og kraft til vårt eiga kyrkjeliv og vår tids spiritualitet. Desse impulsane driv ein også til å spørja om ein treng eit nytt misjonskonsept. Dialogen med NØM har gjeve impulsar til denne tenkninga, framheva Laugerud.

Samtidig er det klart, understreka Laugerud, at dei ulike SMM-organisasjonane har noko ulik posisjon i høve til denne utviklinga: Kvar organisasjon har sin prosess. Men det er eit uttrykt mål at misjonsorganisasjonane tilknytta SMM ønskjer å tala saman med kyrkjelege organisasjonar, utdanningsinstitusjonar og sentra for spiritualitet i denne prosessen. Difor er desse samtalane med NØM naudsynte: NØM er eit fagorgan for misjon i Den norske kyrkja og SMM-partane er operatørar for misjon, avslutta Laugerud.

#### DEBATTEN/SAMTALEN:

NØM-leiar Kjell Nordstokke var ordstyrar for den påfølgjande debatten. I det følgjande er det forsøkt så noggrant som mogeleg å attergje hovudtrekkja i debatten/samtalen. Ved nokre lengre innlegg/større spørsmål vert også bidragsytar nemnt.

Ordstyrar opna med å visa til at utgangspunktet for samtalene må vera at ein er seg ulikskapane mellom NØM og SMM medvitne: NØM kan ikkje gjennomføra tiltak. Dette er ein fagleg

samtale. SMM-leiar, Tor B. Jørgensen, opna med å understreka at det var kjekt at ein endeleg kunne møtast: Samtalen er viktig, fordi vi tilhører den same kyrkja. Det bør difor vera eit mål for samtalens å arbeida med problemstillingar i fellesskap, slik at ein kan nå fram til ei felles røyndomsskildring. Jørgensen understreka også at utgangspunktet her er at SMM er invitert inn på NØMs arena.

Det fulgte så ein innleiande runde om kva forventningar dei ulike samtalepartane hadde til samtalen, og kva ein soleis skulle retta hovudfokus mot. Det viste seg å vera noko ulike og uklare forventningar til kva samtalen skulle dreia seg om, men etterkvart pensa ein inn på ei todeling av samtalen: Fyrst vart det ein meir open samtale knytta til det som var tema då NØM gav sine misjonsfaglege tilbakemeldingar i 1995, med særleg fokus på ekklesiologi, økumenikk og "partnership"-perspektivet. Etter pausen konsentrerte ein seg om å sjå på SMM sin strategiplan 1998-2000.

Ein opna med å samtala om misjonsorganisasjonane sin sjølvforståing og sjølvpresentasjon og deira plassering i Dnk. SMM-leiar spisformulerte si forståing med å hevda at dersom ikkje misjonsorganisasjonane vert knytta til kyrkja, er dei ikkje ein del av kyrkja. Ordstyrar fulgte opp med å visa til at det er eit poeng at Dnk er open ekklesiologisk og at dette mogelegjer fleire ulike initiativ. Vidare fulgte ei drøfting av Dnk sin ekklesiologiske struktur og korleis misjonsorganisasjonane forstår seg som ein del av denne. Nokre forstod kyrkja sin struktur som ein dobbel struktur (synodal-episkopal). Andre understreka ei tredeling mellom råd, biskop og organisasjon. Atter andre framheva at Dnk er ei open og vedkjennande folkekyrkje og med det utgangspunktet bør det vera rom for mange ulike initiativ.

Etterkvart dreia debatten i retning av å sjå på korleis denne ekklesiologien (via misjonen) har påverka "søsterkyrkjene"/"partnership"-kyrkjene til Dnk. Ordstyrar peika på at ein fordel ved ekklesiologien i til Dnk er at han er open, men har eit primat for det lokaløkumeniske fellesskapet - p.g.a. geografien. Dette lokale fokus er også tenleg i møte med og samarbeid med kyrkjene vi møter "ute". Laugerud presenterte ein positiv refleksjon kring vekkjingsrørsla i den gassisk-lutherske kyrkja: Korleis har rørsla vorte verande innanfor kyrkja? Kan det vera open, norsk ekklesiologi som har hjulpe til? Då er dette evt. eit eksempel på fruktene av formidlinga av ein open ekklesiologi. Laugerud konkluderte med at det ligg ei forventning til lojalitet og samhandling til organisasjonane, når kyrkja aksepterer den tverrstrukturen som organisasjonane representerer.

Frå NØM si side vart det spurde om misjonsorganisasjonane er seg medvitne sin eigen sjølvpresentasjon i møte med samarbeidskyrkjene - at t.d. NMS ikkje er Dnk. SMM-leiar meinte at denne problemstillinga var noko forelda, og at samarbeidskyrkjene no er fullt klar over at misjonsorganisasjonane ikkje er idéntisk med Dnk, men at dei er ein forplikta del av Dnk. Nokre røyster fra SMM hevda også at det utgjer ein fordel å representera noko meir og noko anna enn den offisielle kyrkjestrukturen i samarbeidet med nokre av gruppene ein møter gjennom misjonsarbeidet - t.d. når ein arbeider i "lukka land" som t.d. Tibet eller i misjonsarbeid mellom messianske jødar.

Generalsekretären i MKR, Stig Utne, retta spørsmålet om kvar våre samarbeidskyrkjer hentar sin identitet frå. Dei møter Dnk tydelegast gjennom LVF-fellesskapet. Noreg har eigentleg ei plikt til å stilla med nasjonalkomite for LVF (til no MKR), men etter at Den evangelisk-lutherske frikyrka vart assosiert medlem i sommar vil det vera naturleg å arbeida fram ein nasjonalkomite for LVF i Noreg. Kanskje hadde det vore naturleg at

misjonsorganisasjonane fekk eit mandat i ein slik komité? Det hadde vore tenleg, då dette vonaleg kunne letta "representasjonsproblemet" (Kven representerer misjonsorganisasjonane i møte med samarbeidskyrkjer "ute"? Dnk eller ikkje?) i høve til samarbeidskyrkjene.

Denne spørsmålsstillinga førte til ein vidare debatt kring "communio"- omgrep. Det vart registrert at det finnест ei forhistorie i misjonsorganisasjonane som har målbere ein redsel og skepsis for internasjonale kyrklege strukturar som LVF, men særleg for KV. Det vart vona at samtalar som denne kunne vera med å hjelpe til å skapa ein ny type kommunikasjon kring desse spørsmåla. Samtidig vart det erkjent at det er viktig at ein ikkje idylliserer: Det vert tala annleis om misjon i KV-samanheng enn misjonsorganisasjonane gjer, og det finnест andre økumeniske interessentar og aktørar enn misjonsorganisasjonane som også til ein viss grad har ein annan agenda.

Avslutningsvis (på denne bolken) vart det peika på eit problem i høve til lokalt misjonsengasjement i Noreg: Sokneråda mange stader ser ikkje på det lokale misjonsengasjementet som deira ansvar. Dette er problematisk, då sokneråda etter den nye kyrkjelova er tenkt som "entreprenørar". Dette aktualiserer igjen (ovanfor t.d. NØM sitt engasjement) spørsmålet om kva økumenisk profil Dnk målber lokalt - misjonen er nemleg ei viktig brikke i det økumeniske samspelet. Dette problemet presser også fram spørsmålet om kven misjonsorganisasjonane skal knyta seg opp mot med deira engasjement - sentralleiinga ("makta") eller dei lokale initiativa?

